

Referat Haustmøte Hopp og Kombinert, 5. november 2022

Til stades: Jan Inge Årdal, Rune Pedersen, Lars Brekke, Johnny Seljeset,
Jon Ove Lomheim (på teams).

SAK 1: Godkjenning og innkalling og saksliste

Innkalling og sakliste er utsendt på førehand

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent.

SAK 2: Val av referent

Vedtak:

Jon Ove Lomheim

SAK 3: Orientering frå Haustmøtet i NSF og dommarlauget

Lars Brekke deltok både på haustmøtet for NSF og dommarlauget.

Det var fleire tema, men viktigaste vert referert frå NSF HOPP:

- Clas B Bråthen-saka er blitt organisasjonssak som er under arbeid
- Trenarutfordring
 - Det trengst utdanna trenarar i klubbane
 - Dette vil medføra engasjement for utvikling og oppdatert trening
- Skiklubbutvikling
 - Hoppkomiteen NSH er på ballen
 - Hopp- og kombinertkomiteane i krinsen må følgje tett på skiklubbutviklaren
 - Klubbane må tinga skiklubbutviklar og samarbeida med naboklubbar
 - Fokus på å dra foreldre i klubbane med, gje/ta ansvar (bruke lokkemiddel til foreldre fordi dei er den viktigaste ressursen til rekruttering)
- Rekruttcup
 - NSF ynskjer ny aktivitet rundt RC
 - 13åringar med i HL 14-15 år
 - Større klassar -større renn -betre økonomi

Det viktigaste referert frå NSF DOMMARLAUG:

- Stiller midlar til veges, for at dommarar frå distrikta skal få oppdrag (ved høge reisekostnader)

- Trengst utdanning av fleire FB Dommarar/ TD ar, i Hopp og Kombinert

Lars ettersender skriftleg referat som følg HKK sitt referat frå møtet

Vedtak:

Hopp- og kombinertkomiteen tek informasjon til orientering

SAK 4: Rekrutteringsarbeid i klubbane

Skikrinsen har tilsett skiklubbutviklar som skal hjelpe klubbane med å kome gang med allsidig skileikaktivitet, utvikling av anlegg og aktivitet som rekrutterer utøvarar til skisporten.

Vedtak:

Hopp- og kombinertkomiteen meiner skiklubbutviklar komande vintersesong skal prioritera besøk minst 1 gong til alle klubbar som etterspør, deretter (saman med klubbane) utviklar aktivitetar som rekrutterer ungane til å bli aktiv utøvar.

Det kan vera føremålstenleg å invitera fleire naboklubbar i kommunen (ev region).

Hopp- og kombinertkomiteen har trenarar/ medhjelparar i alle 3 fylkesdelregionane til å hjelpe skiklubbutviklar og aktuelle klubbar.

SAK 5: Aktivitetsplan 2022-2023

Det er for få aktive utøvarar i fylket til å lage felles trening og miljøskapane aktivitet.

Det vert heller ikkje i sesongen 2022/ 23 hoppbakkar som vert preparert over K20 i Sogn og Fjordane (unntak kanskje Kleiva/Langeland K30 om det vert snø).

Utøvarar må søka seg til hoppmiljø utanfor krinsen for trening og renn.

Vedtak:

Aktive utøvarar må samordne seg og søke seg til miljø (klubbar, krinsar mm) utanfor krinsen for trening og renn. Krinsen kan bidra med deltakavgift og liknande for samlingar (eksempel deltakaravgift på skiforbundet si «storsamling» i juni) .

Hopp- og kombinertkomiteen bruker Hordaland si rennliste for tilbod i nabokrins, herunder felles KM.

SAK 6: Terminlista 2022-2023

Jamfør omtale i sak 5.

Det er viktig at klubbar gjennomfører (arrangerer) SFE-cup, fordi SFE er vår einaste basis for driftsbudsjett for HK-komiteen.

Vedtak:

Nestleiar (terminlisteansvarleg) set opp terminliste med krinsrenn i Hordaland og lokal SFE-cupar slik som i fjor.

Klubbane vert oppmoda sterkt å gjennomføra SFE-cup med invitasjon til naboklubbar og gjerne samarbeida om felles aktivitetsplan for region !

SAK 7: Status anleggsprosessar og vegen vidare

På Haustmøte 2021 gjorde HKK følgjande vedtak:

- *Rekrutteringsbakken i Stryn er satt på vent på grunn av økonomi*
- *Rekrutteringsbakke i Førde er kjøpt inn, men plassering er ikkje vedtatt. Hopp- og kombinertkomiteen følgjer opp plassering av rekrutteringsbakke i Førde*
- *Sogn Skisenter er i gong med bygging av K10 og K20 bakkar*
- *Hopp- og kombinertkomiteen følgjer opp ferdigstilling av hoppbakkane i Vik.*

Vedtak:

Ingen endring av status for anlegga utanom for K10-K20 ved Sogn Skisenter som kom i gang bygging hausten 2021. Anlegget vart brukt med rikeleg snø frå januar-februar. Ytterlegare arbeid vert utført i 2022, og anlegget planlagt ferdigstilt i 2023.

Hopp- og kombinertkomiteen følg opp status på dei andre anlegg samt realisering K45 ved Sogn skisenter.

SAK 8: Eventuelt

1. **Neste skiting er vedteke 20.mai 2023** på Sunnfjord hotell.
Dette vert utvida med 100-årsjubileum for skikrinsen.
Jubileumsnemnda og styret ønskjer innspel til markering.
Leiar sender eigen melding til jubileumsnemnda og styret.

2. **Økonomisk støtte til utøvarar som satsar nasjonalt.**

Vår møte 2021 vedtok å prioritera meir midlar til dei som satsar nasjonalt.

Sidan Anders Fannemel ikkje er på landslag denne skisesong blir han prioritert i 2022 på lik med Johannes Årdal og Torje Seljeset (som fekk i fjor).

Nestleiar og krinsekretær finn fram til høveleg sum ut frå driftsbudsjett og ev eigenkapital.